

Fiskesesongen har hatt ein knallstart i Uskedalselva og alt tyder dermed på at professor i nordisk språk ved Universitetet i Bergen Gunnstein Akselberg har rett. I boka Frå Bontelabo til Anuglo tolkar han elvenamnet som ønskeelva, elva der det er så mykje fisk som ein berre kan ønske seg.

Som ein parallell trekk han fram den norrøne nemninga oskabyrr som tyder ønskebør, vind som er etter eins ønske når ein er ute og siglar.



[Johannes Kaldestad Feet er leiar i elveeigarlaget \(Foto: Kvinnheringen\)](#)

Akselberg kjem i tillegg inn på Kjerland som også vitnar om fiske i elva ettersom kjer tyder kar til fiskefangst, fiskegjerde eller oppdemming. Etter dette kan det ikkje vere tvil om at elva har vore kjent for gode fangstar gjennom det ein kallar uminnelege tider!

Akselberg er ikkje innom fleire namn i bygda vår, men vi hadde gjerne sett tolkinga ahns av til dømes Skorpo, Manen, Ulvanåso og Døssland. Gjennom den lokale og populære språkspalten i radio har han bygd opp stor respekt for kunnskapane sine og det er neppe nokon som kan meir om stadnamn i fylket.

Derfor trur vi sjølvsagt at det er rett at Kvinn i Kvinnherad opphavelag er eit elvenamn, noko som er dobbelt og som også hadde formen tvinn. Dei opphavelage skulle då vere Hattebergelva og Melselva, som renn saman.

Av Ola Matti Mathisen